



Referat frå møte i brukarutvalet 20.mai 2019

Tid: Kl 11.00 - 16.00 Stad: Møterom 4 sjukehuset

Deltakarar		Fråvær
Namn	Organisasjon	
Audun Nedrebø	FFO (HLF)	
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Liv Krognnes	FFO (LPP)	
Åshild Helleset	FFO (MS-forbundet)	
Per Tollesen	SAFO (NFU)	
Eldbjørg Lie	SAFO (NFU)	x
Gro Indrebø	Rusettervernet	x
Lisbeth Johnsen	Kreftforeningen - hjernesvulstforeningen	
Magnus Strand	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	x
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	x
Synnøve Solhaugen Engen	KS – Helse og omsorgsutvalet	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	<i>Sak 24og25/19</i>
<i>Olav Hesjedal</i>	<i>Helse Førde</i>	<i>Sak 25/19</i>
Vara møter etter nærare avtale:		
Torbjørge Aasen	FFO (LHL)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Geir Ytredal	FFO (LPP)	
Harald Orrestad	Rusettervernet	
Eivind Skjerven	Kreftforeningen	
Aud Karin Netland	Fylkesrådet for eldre	x
Anny Urtegård	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	x

Nr	Saker
16/19	Innkalling og sakliste godkjend utan merknad. Elles var personell frå Helse Vest IKT på plass for installasjon og uttesting av høyreslynge.
17/19	Referat frå førre møte godkjend utan ytterlegare merknad enn det som var førehandinnmeld; Liv Stenbakk Krognnes ynskjer protokolltilførsel til sak 15/19 <u>Deltaking i prosjektarbeid</u> ; «Ulik forståelse av retningslinjer og uklar sakshandsaming av rekruttering til råda.»
22/19	Kjell Inge Solhaug orienterte og gav oppdatering om Nye Førde sjukehus. Dagen i dag vert markert med grunnsteinnedlegging og formell kontraktsignering for nybygg PHV – her er representantar frå FBU invitert til markeringa, og leiaren var også deltakande i nedlegging av grunnsteinen for bygget. Elles er prosjektgruppe for nybygg Somatikk i gang med kvalitetssikring av forprosjekt, og prosjektgrupper for resterande delprosjekt skal på plass før sommarferien.
19/19	Klinikkdirektør og prosjektleiar Tom Guldhav orienterte om status i arbeidet med prehospital plan. Denne vert send til høyring utpå hausten. Planen skal spegle omsyn til tenesta sine kvalitetskrav, arbeidstidsordningar for dei tilsette og den teknologiske utviklinga. Samstundes er det gjeve føringar for å sjå fylket under eitt i modelleringa av tenestetilbodet.
20/19	Avdelingssjef Vidar Øvrebø og seksjonsleiar Trude Helgås orienterte om Pasientreiser under overskrifta «Kvalitet av dagens transportordning sett frå eit medisinsk- og brukarperspektiv. Oversikt klager og avvik knytt til pasientreiser.» Bakgrunnen for overskrifta var å få kaste lys over kva konsekvens dagens regelverk og organisering av pasientreiser har for brukarane. Utvalet ynskjer innblikk i korleis regelverket blir praktisert for å få ei best mogeleg oppleving for pasientane. <ul style="list-style-type: none">• Kva vurderingar og omsyn som blir lagt til grunn ved bruk av transportmiddel• Kven tek desse vurderingane

	<ul style="list-style-type: none"> • Kva kan gjerast for å unngå ei uheldig samansetjing av pasientar i fellestransport <p>Presentasjonen frå Pasientreiser tok i større grad føre seg regelverket, og utvalet gav tilbakemelding på at PRK bør jobbe litt med den pedagogiske framstillinga i presentasjonen av eit såpass omfattande og komplisert regelverk. PRK ynskjer å møte ute i brukarorganisasjonane, og tek tilbakemeldinga om justering i presentasjonsforma til vitande.</p>
21/19	Klinikkdirektør Olav Hesjedal presenterte styresaker og anna aktuelt frå HFD – sjå eigen presentasjon. I tillegg orienterte Kari Furevik om avslutta prosjekt i legemiddelhandtering som også hadde representasjon frå FBU. Legemiddeltryggleik er eit kontinuerleg pågåande arbeid som det må arbeidast kontinuerleg med i organisasjonen. Sjå elles eigen presentasjon.
18/19	Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Therese Sørbotten presenterte kort aktuelle saker frå kommunesektoren. Sjå presentasjon.
23/19	Kvardagsrehabilitering v/ Anita Skarstein frå Stryn kommune deltok på video, og leda oss gjennom ein grundig presentasjon av Stryn sitt arbeid med habilitering- og rehabiliteringsplan. Eit av måla med dette arbeidet er også å styrkje brukarperspektivet og samhandlinga med aktuelle brukarorganisasjonar. Utvalsmedlemmane responderte med gode tilbakemeldingar på arbeidet, og meiner at andre kommunar bør kome etter i dette arbeidet. Sjå elles eigen presentasjon.
24/19	Budsjettkontroll – sekretariatet presenterte rekneskapsresultat pr dato ca 133.000 NOK.
25/19	<p>Open post - utvalet sin time - diverse/ eventuelt</p> <p>Deltaking i prosjektarbeid – representantane refererte frå egne erfaringar i prosjekt, råd og utval. Det vart m.a. synt til gode tilbakemeldingar for nestleiar sin presentasjon og innlegg på Samhandlingskonferansen som var arrangert på Skei hotell tidlegare i vår.</p> <p>Ingen nye førespurnader til ny oppnemning av brukarrepresentantar til prosjekt, råd og utval Gjennomgang av retningslinje for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå. Etter noko diskusjon vart gjeldande retningslinje noko revidert. Nytt utkast fylgjer som vedlegg til referatet.</p> <p>Nestleiar informerte utvalet om at ho opplever mistillit frå LPP i høve eigen representasjon innanfor PHV-området. Med bakgrunn i dette ynskte ho votering mellom BU-medlemmane på om ho kunne halde fram som brukarrepresentant på dette området. «Stemmeopptelling synte fem personstemmer for å halde fram som brukarrepresentant innanfor PHV-området, medan ein person avstod frå stemmegjevinga»</p> <p>Påmelding til fellessamling lunsj-til-lunsj) for brukarutvala i Helse Vest - i Stavanger 22.-23. august må skje til sekretær innan 7.juni. Audun, Åshild, Jan-Tore og Liv er interessert i å delta.</p>